

# Øy Nytt

## Kyrkjeblad for Øygarden



*Frå konfirmasjonsdagen 6. mai i Hjelve.  
Meir frå konfirmasjonane på side 13 og siste side.  
Foto: ONT*

I dette nummeret kan du m a lesa:

|                                     |      |
|-------------------------------------|------|
| Misjonsstoff frå Mali               | side |
| Nytt frå råda                       | side |
| Takk for oss!                       | side |
| Barneleiarkonferanse                | side |
| Øygarden Indremisjon snart historie | side |



## ”Dette er eit stort mysterium...”

### Eit framlegg på 16.mai

Det må vekke stor oppsikt når den norske regjeringa ved Barne-og Likestillingsdepartementet no har lagt fram eit høyringsnotat om ny ”kjønnsnøytral” ekteskapslov. Straks rykte merkeleg nok to nyutnemnde kyrkjelege leiarar ut med støtte til framlegget.

Det er tankevekkjande at framlegget kom dagen før Helgetorsdag, som i år fall saman med Grunnlovsdagen. Som eit apropos lyder ei av tekstane me las i kyrkja denne dagen slik: *“Dersom Herren ikkje bygger huset, arbeider bygningsmennene til fånyttes. Dersom Herren ikkje vaktar byen, vaker vaktmannen til fånyttes...”* (Sal.127,1)

### Eit brot med kristen og norsk tradisjon

Vi ønskjer å ha forståing for andre meiningar enn våre egne. Men dette er eit fritt land, og vi har óg rett til å ha vårt eige syn. Frå kyrkja vil vi då seia frå om at på grunnleggjande punkt bryt framlegget med landet vårt sin lange kristne tradisjon sidan munkane kom frå øyane i vest med evangeliet om Jesus Kristus.

Den kristne misjonen til vårt land førte med seg den kristne sed og skikk som har vore akseptert i eit heilt millennium, langt utanfor kyrkjebenkane. Men no ser ein ut til å vera brydd over dette faktum. Kanskje er det óg verre enn som så: Våre leiande politikarar kan sjå ut til å ha gløymt, eller veit ikkje kva kristen tru og liv er.

Situasjonen synest likevel å femne om langt vidare problemstillingar enn dei vi i kyrkja er opptekne av: Her er mangel på røter og historieløyse, for den kulturelle og historiske samanhengen Noreg står i, like frå Kristenretten(”Det store sedskiftet”) som biskop Grimkjell og Heilag Olav la fram på Mostratinget i 1024, synest å vere på veg bort.

### Ein betre veg

Det fins framleis mange nordmenn på grasrota som ønskjer å basere livet sitt på eit kristent verdigrunnlag.

Å velja ”nøytralitet” vert heilt feil i tilhøve til desse, men óg overfor andre livssyn og religionar.

Ein betre og tryggare veg er den me har hatt til no: At staten har det fundamentet som synest å vera fleirtalet sitt ønskje, og at dei som tenkjer(eller føler) på ein annan måte vert møtt med forståing, kjærleik og varme, og at vi alle får leve fritt og respektert i vårt kjære fedreland.

Ønskjer fleirtalet ein annan basis enn den kristne, skal dét respekterast. Men då vert óg ordninga med statskyrkje utan meining!

Det er sjølvsgat at vi på kristen basis møter andre med empati og eit ope sinn. Utan å legge bort eller teie om kva vi sjølv meiner er rett. Først når ein veit kor ein sjølv står kan ein syne sann toleranse.

Det skal elles bli interessant å sjå kor langt ”nøytraliteten” etterkvart vil nå for oss som vil stå på Bibelens og Kyrkja sitt syn i nemnde sak.

### Det kristne synet på ekteskapet

Etter kristen forståing omfattar ekteskapet to kjønner. Det er både ei skaparordning, og er innsett av Kristus sjølv(Matt.19,1 flg.). Nett tilhøvet mellom mann og kvinne i ekteskapet er eit bilete på tilhøvet mellom Kristus og Kyrkja, slik vi kan lese det i Efesarbrevet:

*”...vi er lemer på hans kropp. Difor skal mannen forlata far og mor og halda seg til kona si, og dei to skal vera eitt. Dette er eit stort mysterium(latin: sacramentum); eg tenkjer på Kristus og kyrkja.”* (Ef.5,30-32)

Dei klåraste kyrkjelege uttalene om kva som er kristen etikk kjem no elles frå andre kyrkjer enn henne vi sjølv til no har rekna med at vi hadde ein heim i: <http://www.katolsk.no/nyheter/2005/10/10-0001.htm> Situasjonen vi står overfor viser at vi óg på vår kyrkjemark snarast bør ta til med å kalle ekteskapet mellom mann og kvinne for sakramentalt.

Eg viser elles til ei preike frå Hjelme kyrkje hausten 2005 som du finn her: <http://www.kyrkja.net/091005.htm> [sokneprest@kyrkja.net](mailto:sokneprest@kyrkja.net)



## Den norske kyrkja i Øygarden

### ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgjevar: Blomvåg og Hjelme kyrkjelydar  
Redaktør: Odd N. Thormodsæter  
Kontingent: Min. kr 100,- pr. år innan kommunen  
Min. kr 150,- pr. år utanom kommunen  
Takkeannonser: kr 100,-  
Kontonr.: 3628 07 02557  
Layout/trykk: Grafisk Team AS  
Distribusjon i Øygarden: Hurtiglevering, Tjeldstø tlf. 98 66 53 29

### Kyrkjekontoret:

Vitjingsadresse: Helse- og tenesteseneteret, Rong  
Postadresse: Boks 144, 5331 Rong  
Telefon: 56 38 22 40  
Faks: 56 38 22 41  
Vakttelefon: 56 38 22 44  
E-post: [kontor@kyrkja.net](mailto:kontor@kyrkja.net)

### Internettider: kyrkja.net

Ekspedisjonstid: måndag – fredag 0900 – 1500

### Tilsette:

Kontorsekretær: Kari Sandøy Rong  
e-post: [kontor@kyrkja.net](mailto:kontor@kyrkja.net)  
tlf. 56 38 22 40

Kyrkjelydspedagog: Synnøve Sandøy Voldsund  
e-post: [kyrkjelydspedagog@kyrkja.net](mailto:kyrkjelydspedagog@kyrkja.net)  
tlf. 56 38 22 47

Kantor: Anne Lise Grøm - permisjon

Organistvikar: Vegard Voldsund  
e-post: [organist@kyrkja.net](mailto:organist@kyrkja.net)  
tlf. 56 38 22 45

Sokneprest: Svenn Martinsen  
e-post: [sokneprest@kyrkja.net](mailto:sokneprest@kyrkja.net)  
tlf. 56 38 22 44

Kyrkjevjerje: Odd N. Thormodsæter  
e-post: [kyrkjevjerje@kyrkja.net](mailto:kyrkjevjerje@kyrkja.net)  
tlf. 56 38 22 43

### Kyrkjene:

Blomvåg kyrkje: tlf. 56 38 70 22  
e-post: [blomvag.kyrkje@kyrkja.net](mailto:blomvag.kyrkje@kyrkja.net)  
Kyrkjetenar/ Kyrkjegardsarb. Kåre Kristoffersen  
Klokkar: Ole Vik  
Mobil: 911 05 197

Hjelme kyrkje: tlf. 56 38 80 30  
e-post: [hjelme.kyrkje@kyrkja.net](mailto:hjelme.kyrkje@kyrkja.net)  
Kyrkjetenar Kari B. Solheimslid  
Kyrkjegardsarb. Mobil 9772 74 57

### Råda:

Blomvåg sokneråd: Leiar: Olaug Merete Rong  
Hjelme sokneråd: Leiar: Atle Dávøy  
Øygarden kyrkjelege fellesråd: Leiar: Gustav Landro

### Frist for stoff Til abonnent

Nr 4: 14. august 30. august  
Nr 5: 9. oktober 25. oktober  
Nr 6: 20. november 06. desember





# Ta vare på dagen!

Ein kar frå trøndelag skal ha sagt: "Det e' lov å vær' sint, men bærre i eitt sekund om gangen". Jau, det høyrer greitt ut det.

I dag var eg og kona mi åleine på handling. Det betyr rolege bevegelsar, lave stemmer og ei handlevogn. Dette er langt frå vanleg rutine. Normalen er ei stor og ei lita vogn. Ruta har etter kvart vorte forholdsvis standardisert. Første reol: Toalett papir, vaskemiddel, leverpostei, youghurt, mjølk og jus. Deretter chips, og ein boks til med jus. Så nokre epler, bananer, salat, agurk og brokkoli (... må ha noko "grønt" til middag). Allerede no har den minste vogna vore nede ved mjølka, vidare attende til kassane, til venstre forbi snopet der ein stoppar ved nokre "Pokemon" greier som kostar enormt mykje og ikke inneheld noko. Vidare går turen bortover til frukost blandingane, nedover mot pålegget, forbi frukta og bort til mjølka ... der familien sine to vogner treff kvarandre med eit brak. Handleturen har nett teke til. Det er fredag og eg er heime

*Når en merragretten unge slår seg vrang og rekker tunge  
Og nekter å ta klær og støvler på.*

*Når melkeglassa veltes, og geitostmaten eltes  
mellom fingre som er klønete og små.*

*Så husk at denne dag må du ta vare på.*

*Den forsvinner mellom fingra dine nå.*

*En gang vil du savne slitet, da er det for sent å vite  
det er du som gjør din dag og tinning grå.*

*Når skrikinga og skrålet blir litt mer enn du kan tåle,  
og du kjefter på en glede og en lek.*

*Når du har glemt å leve midt i hverdagen og strevet,  
og tolmødigheten din har satt sin strek.*

*Så husk at denne dag må du ta vare på.*

*Den forsvinner mellom fingra dine nå.*

*En gang vil du savne slitet, da er det for sent å vite  
det er du som gjør din dag og tinning grå.*

*Du er kysten som de en gang seiler fra.*

*Si meg hvem er stor og hvem er liten da.*

*Når framtidshavet ligger som et speil,  
så blås din medvind inn i deres seil.*

*Når lørdan' blir til søndå, du ber din stille bønn da,  
Om at unga' ikke våkner klokka fem.*

*Men vår Herre kan'ke love, at du skal kunne sove  
når to små kommer inn med morra' klem.*

*Så husk at denne dag må du ta vare på.*

*Den forsvinner mellom fingra dine nå.*

*En gang vil du savne slitet, da er det for sent å vite  
Det er du som gjør din dag og tinning grå.*

*T/M. Louis Jacoby*

med to gitar. Eg lagar kveldsmat, dekkar bordet og så vidare. Under måltidet går det meste galt. Mjølkeglas havnar på golvet der det (etter mi meining) allereie ligg enorme mengdar smular frå langebrøds-kiva som vert eten. Diverse diskusjonar fører ikkje fram, så eg tar guten og fører han bestemt ut i stova. Han svarar på same måten som eg, vert sint og det heile utviklar seg til noko mykje meir enn litt mjølk på golvet. Det er då borna viser seg langt større enn faren.

Den eine gjev meg verdas beste klem: Utan eit ord ligg han begge armene rundt halsen min og knip til alt han kan. Den andre kjem til meg og seier "Kjempegod kvelds du laga i dag Pappa!".

Born er fantastiske. Dei kan med ei setning eller ein klem snu opp ned på ein trøyt og grinete far.

Så har kanskje karen frå trøndelag eit poeng likevel då. Det er berre godt at ein har nokon å hjelpe seg slik at sinne berre varer ei lita stund.

## GAMLE BILETE FRÅ ØYGARDEN

Har du eit gammalt bilete frå Øygarden? Send det til oss saman med litt tekst. Ta gjerne med namn på personar, stad, sannsynleg årstal, kva hending biletet er henta frå og namn på kven som eig biletet.

*Denne gongen er det Anders Vik som har sendt oss bilete.*

### Musikklag frå Blomvåg

Biletet er frå eit friluftsmøte på Vik i 1930. Det er eit musikklag frå Blomvåg som er på besøk.

*Dame i kvit hatt: Rakel Vik, lærar. Mann i kvit hatt:*

*August Vik. Spelemann (til venstre) Laurits Blom.*

*Spelemann (i midten): Daniel Blomvågnes. Spelemann*

*(til høgre): Ole Rougnø. Dame m/kvit krage: Sofie Sæle.*

*Dame m/gitar: Maria Mikklesen. Dame ved sida av*

*Maria: Kristina Knarvik. Dame med ryggen til høgre:*

*Rakel Knarvik. Dame (til venstre): Hilda Knarvik.*



# Nytt fra Sanden i Ossobidjanja, Mali - april 2007

## Kjære venner!

«Oppstått er Jesus, hurra, hurra.  
Han lever, han lever, han lever i dag.  
Han lever, han lever, han lever i dag.»

Etter påske er den sangen blitt en slager hjemme hos oss. Hild Elida synger «han lever, han lever» av full hals mens hun løper fram og tilbake på gulvet og Ester Kristine danser ved siden av.

Første påskedag fikk med oss en veldig fin gudstjeneste. Det var helt fullt i kirken, og jeg er sikkert på at sangen kunne høres lang vei. To stykker ble døpt, Moussa Tamega fra en landsby der Jan har vært på evangelisering, og Madi, en av de fire konfirmantene. Etter gudstjenesten samla menigheten og besøkende seg for å være sammen og etterhvert spise *same* som damene lagde i stand. Same er ris med mye olje og krydder, og så var det sauekjøtt. Jans favoritt!

Ellers har de det veldig bra om dagen. Vi er veldig fornøyd med barnejenta vår, Sosaba. Hun henter de hjem til seg hver formiddag, og der er det veldig mange barn å leke med.

Jan er opptatt med praktiske ting for tida. Misjonen eier en flyplass her i Ossobidjanja, og den blir brukt når noen er syke og trenger rask transport til Bamako, eller for å reise hit i regntida. Fra midten av juni til slutten av oktober er veiene rett og slett for dårlige å kjøre på. I sommer



ble det lille flyet ødelagt, og nå har vi fått beskjed om at det ikke vil bli reparert. Men vi kan bruke et større fly dersom rullebanen blir 2-300 meter lenger. Nå er den 900 meter. Så de siste dagene har Jan sett i gamle papirer, målt, vurdert omgivelsene, snakka med folk, diskutert priser.

I ettermiddag har han reist til Toba sammen med to gode kamerater. Jan skal levere bensin og peke ut stedet han mener det er lurt å grave brønn utenfor

sjukestua prosjektet støtter. Det var det ingen som ville ta ansvar for, og da Jan hadde uttalt seg om saken tidligere, ville de gjerne at han skulle komme igjen. Etter endt oppdrag skal de på jakt. Det har blitt en del kveldsturer i bushen med gode wålå-middager som resultat (minner om rype), og så drømmer Jan stadig om villsvin.

I går var det onsdag, og da var jeg på kvinnemøte. Om alle kommer er vi tre norske og seksten maliske som samles en gang i uka til sang, bønn og undervisning. Det er ikke alle som er døpt eller går i kirken. I går underviste Karen om nattverden, og det var flere som tok ordet etterpå. Det er veldig fint å være med på disse samlingene selv om jeg ikke får med meg så mye av det som blir sagt. Det er en viktig motivasjonsfaktor for språklæringen! Jeg kan nå kommunisere helt enkelt, med ender ofte med å være sammen med folk fremfor å snakke med dem.

Uka etter påske hadde vi besøk av en gjeng fra Storsalen i Oslo. De kom sammen med noen misjonærer fra Bamako og fem maliere for å ha evangeliserende møte på landsbyplassen. Møtet starta etter mørkets frembrudd med film som viste bibelhistorien, og folk strømmet til. Det var tydelig å se at de kristne var stolte over å være en del av det som ble presentert, og noen av kvinnene var framme å dansa under sangen. Det var ca 700 framkomte, og det er ca en tredel av landbyen. Forhåpentligvis vil folk fortsette å stille spørsmål om hvem Jesus er og hva Bibelen forteller.

*Varme hilsener fra Elisabeth og Jan, Ester Kristine og Hild Elida*  
Familien Sanden, MPN, Bafoulabé,  
Rep du MALI Tlf: 223-523 55 52  
(privat mobil)  
E-post: [jesanden@combitel.no](mailto:jesanden@combitel.no)



**Bok & Media\* Vestbok**  
Vetrlidsallmenningen 1 5014 Bergen  
Tlf: 55 31 79 63  
[www.vestbok.no](http://www.vestbok.no)



# 5. klasseleir

23.-25. mars var vi en flott gjeng samlet på Skjergardsheimen til 5.klasseleir. Det var en kjempe flott leir med mye bra program. Sporløp, fotball, slåball, underholdning, stolleker, møter og bibeltime er noen av mange ting vi gjorde på denne leiren. På søndagen deltok vi i Hjelme kyrkje. Vil takke alle for en kjempe flott leir og ønsker alle velkommen på leir på Skjergardsheimen en annen gang.

*Magnus J Stokke*



## SAMTALE GUDSTENESTE

17. og 19. april samla konfirmantane foreldre, fadrar slekt og vener til gudteneste i Hjelme kyrkje. Her fekk dei vist seg fram og vist litt av det dei har lært dette året som konfirmant. Dei ønskte velkommen, gjekk i prosesjon, leste tekst, bad forbøn, song, hadde drama, tende lys o.l. Tusen takk for ei flott oppleving!



*Forsongarar.*



*Drama.*



*Nokre av konfirmantleiarane.*



# SparebankenVest

- satser på Vestlandet

Vi tilbyr ferdige middagsretter og nystekte bakervarer



## RONGEBUA

- Stor jernvare
- Interiørvareavdeling

Tlf. 56 38 71 40 RONG SENTER

*Mange flotte nyheter!*  
*Ønsker alle våre kunder en god sommer!*

Mand-fred 10-18  
Lørd 10-16  
Tlf. 56 38 86 00  
Fax 56 38 85 99



RONG SENTER

TIMEBESTILLING 56 38 73 90



RONG SENTER

Egne priser for pensjonistar  
Langope tirsdag og torsdag.

Catering - Snitter/koldtbord + Varm mat



Telefon 56 38 74 54 Rong Senter, Boks 13, 5331 Rong

## Bli brun selv om det regner

Ønsker du å leie sol hjem?  
Ring B-P-S Solutleie. Vi kan tilby 12--rørs solhimmel eller 20-rørs solseng med god kvalitet fritt levert Sotra og Øygarden  
Tlf 56 38 74 54 (dag), 56 38 73 22 (kveld) eller 91 85 62 58.

**BPS** Solutleie v/Arvid Rong  
56 38 74 54 / 56 38 73 22

*Juni tilbud: Kr. 250,-  
pr. behandling v/ bestilling av min. 8  
behandlinger (før kr. 450,-)  
Flott som gavekort!*



### ØYGARDEN HUD & KROPPSPLEIE

Rong senter • 56 38 95 15

- Forbedrer helsen
- Gir energi
- Bedrer fordøyelsen
- Bedrer pusten også ved astmaproblemer
- Hjelper lever/nyrer
- Motvirker stress
- Bedrer søvnvanene
- Psoriasis / Hudproblemer
- Gir bedre blodsirkulasjon



- Stort utval av godbiter frå vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m/EU-kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- Moderne vaskehall
- Kaffiavtalen 2007 kr. 99,-
- Gass



Bilverksted  
**BLOM  
SERVICESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

**Godkjent bilverksted**



Tlf. 56 38 94 24  
Mobil: 928 41 790  
E-mail: post@oygarden-elektriske.no



Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabolantenn  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

**TORSVIK**  
ELEKTRISKE AS  
Torsteinsvik - 5337 RONG

Tlf. 56 38 50 00

Vakttelefon 922 34 062

www.torsteinsvik.no



### Betong og betongprodukter

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01  
5336 TJELDSTØ



Alt i grunn- og betongarbeid

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01



## NYTT FRÅ RÅDA

Etter å ha hatt permisjon i to år, kan vi no ønskja **kantor Anne Lise Grøm** velkommen attende i staben i Øygarden prestegjeld. I permisjonstida har ho arbeidd som lærar i grunnskulen i Øygarden. Ho startar kantorarbeidet etter sommarferien.



Fellesrådet har investert i **ny gravemaskin** til kyrkjegardane. Denne maskina gjer det enklare og raskare for kyrkjegardsarbeidarane i deira viktige arbeid. Ein stolt kyrkjegardsarbeidar i Blomvåg, Kåre Kristoffersen, viser fram nyvinninga for fotografen.



Det er sett i gang arbeid med **reparasjon av portar og gjerde** rundt kyrkjegarden i Hjelme. Senter Bygg står for reparasjon av portane og det øvrige vedlikehaldsarbeidet blir utført av våre "eigne" folk.

For tida har kyrkjekontoret hendene fulle med **data-registrering av graver og**

**ansvarlege festarar.** Etter å ha orientert om dette i to nummer av ØyNytt, har vi no gått over til å setja ned kvite plastpinnar på dei gravene vi enno manglar opplysningar om kven som er ansvarleg festar. Det er sett opp postkassar inne på kyrkjegarden, både i Hjelme og i Blomvåg, der ein finn skjema til bruk i dette arbeidet. Vi manglar framleis om lag 20% av dei ansvarlege festarane. **Oppfordringa er: Hjelp oss å få eit ajourført register snarast!**

**Kari Sandøy Rong** er tilsett i fast stilling som kontorsekretær på kyrkjekontoret. Ho har i 3 ½ år vore vikar for Turid Toft Ameyna medan ho m.a. har vore misjonær i Kenya.

**Janesh og Turid Ameyna** kjem attende frå Kenya til sommaren. Janesh går inn i si teneste som kyrkjjetenar/kyrkjegardsarbeidar i Hjelme, medan Turid tek over eit vikariat som kyrkjelydspedagog etter **Synnøve Sandøy Voldsund** som har fått innvilga eitt års permisjon.

**Søndag 24. juni** blir det velkomstgudsteneste for Turid og Janesh i Blomvåg kyrkje!

Hjelme sokneråd vil til hausten invitera til bibeltimar. Seniorprest **Per Fimreite vil også denne gongen vera bibeltimelhaldar.** Tysdag 23. og 30. oktober vil han ta føre seg "Nådegåvene". Soknerådet oppfordrar cellegrupper og misjonsforeiningar til å merkja seg desse dagane.

Tysdag 18. september kjem **biskopen** på "ettervisitasbesøk". Møtet er for stab og sokneråd.

### ØYGARDSKORET OG ØYGARDEN BARNEKANTORI

Av Anne Lise Grøm

Etter 2 års pause startar me oppatt med korøvingar i september. Sjå oppslag óg i VestNytt til hausten.

**Øygardskoret** øver i Blomvåg kyrkje kvar tysdag kl. 19.30-21.30.

*Koret har eit breitt repertoar med songar frå ulike sjangrar og øver heile tida inn noko nytt.*

*På kvar øving kosar me oss med kaffipause.*

*Me syng m.a. i kyrkjene, på Kystmuseet og arrangerer "Syng med oss" på skulane.*

*Nye medlemmer er velkomne, og me treng songarar på alle stemmene.*

**Øygarden barnekantori** øver i Hjelme kyrkje kvar tysdag kl. 16,30-18,00.

*Vi startar når bussen kjem.*

**Koret er for barn frå 3. klasse og oppover.**

*Me syng mange slag songar og har ofte bollar og saft i pausane.*

*Kvart år reiser me på kortur i Hordaland og Sogn og Fjordane*

*der me syng saman med fleire andre barnekor. Elles syng me på*

*ulike arrangement i Øygarden, både i kyrkjene, på skulane og andre lokale.*



5334 HELLESØY  
TLF: 56388008/47755570  
ORG.NR.984589565  
e-post:hellesoy@ngbutikk.net

ÅPNINGSTIDER:  
MAND.-TORSD. 900-1700  
FRED. 900-1900  
LØRD. 900-1500

**VI HAR SØNDAGSÅPENT I SOMMER.**

## Stor utval i uteplantar



**Blomsterbua**

Rong senter  
Telefon: 56 38 92 65  
Posibøis 107, 5331 Rong

## Ja visst gör det ont

Ja visst gör det ont när knoppar brister.

Varför skulle annars våren tveka?

Varför skulle all vår heta längtan  
bindas i det frusna bitterbleka?

Höljet var ju knoppen hela vintern.

Vad är det för nytt, som tär och spränger?

Ja visst gör det ont när knoppar brister,

ont för det som växer

och det som stänger.

Ja nog är det svårt när droppar faller.

Skälvande av ängslan tungt de hänger,

klamrar sig vid kvisten, sväller, glider -  
tyngden drar dem neråt, hur de klänger.

Svårt att vara oviss, rädd och delad,

svårt att känna djupet dra och kalla,

ändå sitta kvar och bara darra -

svårt att vilja stanna

och vilja falla.

Då, när det är värst och inget hjälper,

Brister som i jubel trädets knoppar.

Då, när ingen rädsla längre håller,

faller i ett glitter kvistens droppar

glömmer att de skrämdes av det nya

glömmer att de ängslades för färden -

känner en sekund sin största trygghet,

vilar i den tillit

som skapar världen.

Frå diktsamlinga “

För trädets skull”

av Karin Boye.

Foto: ONT

## SOMMERLEIR PÅ WALLEMTUNET

Å reise på leir er spennende. Man treffer gamle og nye venner, finner på mye moro sammen, og opplever mye sosialt og åndelig gjennom ulik samvær og bibeltimer.

Vi vet at sommerleirene på Wallemtunet for mange er et av årets store høydepunkter. Leirstedet vårt ligger i flotte naturomgivelser på Kvamskogen.

I år blir det lagt opp til tre leirer. Tidspunktet for disse blir:

Leir 1: 22.-26. juni, 12-15 år

Leir 2: 26.-29.juni, 9-12 år

Leir 3: 29.juni-1.juli, 7-10 år

Ta kontakt med Bergens

Søndagsskolekrets på

tlf. 55530120, eller send en e-post til

[kretskontoret@bssk.no](mailto:kretskontoret@bssk.no)



## Sommarleirar på Raknestunet

Yngstes 2 22. – 24. juni

3. – 4. klasse

kr. 460

Yngstes 3 6. – 8. juli – dyreleir

3. – 4. klasse – få plassar

kr. 460

Yngres 3 9. – 12. juli – fotball-leir

5. – 7. klasse

kr. 620

Ten.. 2 31.7 – 4.8

8. – 10. klasse

kr. 790

Ungdomsleir 8. – 12.8

10. klasse og oppover

kr. 790

Pensjonistleir 30.8 – 3.9

Pensjonistleir 6. – 10.9

Fjellvandringsleir i Stølsheimen

19. – 22. juli 18 ++

kr. 250

Innmelding til Nordhordland Indremisjon,

Holtermansv. 3, 5918 Frekhaug.

E-post: [nordhordland@imf.no](mailto:nordhordland@imf.no)

## Sommerleirer Sætervika Ungdomssenter 2007

Mai

18. - 20. Familieleir

0-3 år: gratis, 4-11 år kr 300,- 12-14 år kr 400,- voksen kr 520,-

Juni

25. - 27. Sommerleir I 7 - 10 år

kr 385

27. - 30. Sommerleir II 10 - 13 år

kr 660

Juli

2. - 5. Sommerleir III 8 - 10 år

kr 600

5. - 8. Sommerleir IV 9 - 12 år

kr 645

30. - 3. Sommerleir V 10 - 14 år

kr 815

August

3. - 5. Sommerleir VI generasjonsleir

0-3 år: gratis, 4-11 år kr 300,- 12-14 år kr 400,- voksen kr 520,-

For program/ påmelding besøk den nye hjemmesiden:

[setervika.no](http://setervika.no) eller kontakt oss på:

NLM, Bergen krets, Sydneskleiven 22, 5010 BERGEN

Tlf: 55 90 48 00 Fax: 55 90 48 10 E-post: [bergen@nlm.no](mailto:bergen@nlm.no)

setervika.no



# Takk for oss!

No står me på flyttefot etter tre år i Øygarden. Det har vore ei spanande og utrolig fin tid! Me har trivdes svært godt og då gjerne særskild med ungdomane her ute. Dei har gitt oss så mykje! Det var ei oppleving bl.a. å få spele inn cd med Øygarden Gospel og reise på turne med dei. Men no går vegen til Fosnavåg på Sunnmøre,

der Vegard skal studere musikk på høgskulen i Volda og Synnøve skal jobbe som lærar på Møre ungdomsskule Herøy. Lilly Pauline skal i barnehage. Me takkar for tida vår her; alt me har fått vore med på og alle me har fått vere ein del av! Me tar dykk med oss i hjartene våre! Gud velsigne dykk alle!

*Klemmar frå Vegard, Synnøve og Lilly Pauline*



## Søndagsskolelærere på skolebenken

**Søndagsskolebarna i Øygarden kan vente seg friskere sanger, frekkere undervisning og finere rom.**

**Det sier ihvertfall noen av de 16 lederne som var på kurs i Oslo siste helgen før påske.**

-Dette er basam for sjelen, bare sitte på en stol og ta imot så mye bra på noen timer, sier Sølvi Dävøy. Hun er til vanlig søndagsskolelærer på Tjeldstø bedehus. I dag er hun på Gardermoen på vei hjem fra barnelederkonferansen i Oslo der 1500 barneledere fra hele Norge har lært mer om hvordan de skal fortelle om Jesus.

-Nå skal jeg hjem om inkalle de andre lederne til styremøte for å finne ut hva den enkelte er god for. Vi har lært kor viktig det er at den enkelte medarbeider gjør det han eller hun er god på. Sølvi har selv lært mange nye barnesanger og fått ideer om kordan kjelleren på bedehuset kan innredes for å gjøre det koseligere for barna.

### Bra med barnebønn

-Det som har gjort sterkest inntrykk på meg er det vi har lært om barn og bønn, sier Kari Solheimslid. Hun var blant annet med på et seminar der deltakerne skulle finne kreativer måter å be på. Ett av forslagene var å kjøpe inn to glassylindere på Ikea. Den ene kunne fylles med «takkeperler» når barna ba takkebønner til Gud. Den andre sylindere kunne fylles med «be for»perler når barna ba for andre mennesker.

-Vi lærte at vi ikke må presse barna til å be på de voksne sine måter. En barnebønn er like mye en bønn som en voksbønn er en bønn, sier Kari.

### Hjelp til søndags

-Jeg har fått mye ut av å høre hvordan en av verdens største kristne menigheter, Willow Creek i USA, har bygd opp sitt

barnarbeid, sier Linda Blom fra søndagsskolen på Blom bedehus.

-Jeg håper barna kan oppleve at bibelundervisningen blir mer kreativ enn før. Det betyr blant annet at vi sikkert ikke kommer til å trekke fram den gamle flanelografen så ofte som før, sier Linda på vei inn i flyet tilbake til Øygarden..



**Deltakerne fra Øygarden på kurs sammen med 1500 barneledere fra hele Norge.**

### FAKTA:

Øygarden har søndagsskoler følgende steder: Blomvåg, Hellesøy og Sæle, Oen, Rong, Tjeldstø, Vik. I fjor var det registrert tilsammen 122 barn på søndagsskolene i Øygarden.

De fleste søndagsskolene har samlinger annenhver uke når det ikke er gudstjeneste i den lokale menigheten.

## Utekonserter med Øygarden Gospel

Fredag 8. juni  
kl 19.00 vert det  
utekonserter med  
Øygarden Gospel  
på Rong skuleplass!  
(Dersom regn vert  
den inne i gymsalen)  
Salg av grillmat etter  
konserten!  
Hjarteleg  
velkommen!!!



**Kjøp kjapt,  
trygt  
og billig**

**KIMI** mini  
pris

Søre Sæle

**Tlf. 56 38 71 20**

Opent man.-fred. til kl. 21.00  
Lørdager til kl. 20.00.

**Din totalleverandør  
i Øygarden**

 ØYGARDEN  
BYGGSENTER

 TH  
BHAS BYGG

 ØYGARDEN  
BOLIGUTVIKLING

Tlf. 56 38 28 00, faks 56 38 28 09

Adr. Påluneset, 5337 Rong

[www.th-bygg.no](http://www.th-bygg.no)

### Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca 100 personer.

Kan levere mat til alle

Arrangerer byllaup,

anledningar.

konfirmasjonar og andre  
tilstellingar.

Middag, koldtbord og snittar.

**Tlf. 5638 9380**

### Inderøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer

Rullestol

**Mobil: 90 59 90 59**

### BERGEN OG OMEGN BEGRAVELSEHJELP

Teatergt. 20, 5010 Bergen

**Tlf. 55 21 44 50**

Mobil 917 51 700

- DØGNVAKT
- PARKERING
- BLOMSTER
- MONUMENTER



K.H. Polden  
Tlf. 56 33 45 88

Tom Wilson  
Tlf. 55 18 50 80

Vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger  
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv.



### Rossnes Taxi

*Magne Ingvald Rossnes.*

Tinging av turar på

tlf: 56 38 91 91/ 951 12 634



### Åsane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES

Døgnvakt tlf.: 5518 9000

### Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.

Be om katalog og pris.

Skrifthugging og oppussing utføres.



**Bjørn Solheimslid**

5336 TJELDSTØ

Tlf. 5638 9534 / 4004 1045

### Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen

**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**

E-post: [post@solstrands.no](mailto:post@solstrands.no)

*Vår erfaring - din trygghet*

### Sotra Omegn

BEGRAVELSEBYRÅ

- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

**TLF 56 32 08 90** hele døgnet

Skjenet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)



# Elsk kvarandre!

Av Nils-Tore Andersen,  
Misjonsalliansen/Kirkerådet.

Bibeltekst: Johannes 14, 15 – 21: «Elskar de meg, så held de boda mine. Då vil eg be Far, og han skal gje dykk ein annan talsmann, og han skal vera hos dykk alltid: Sanningsanden, som verda ikkje kan ta imot. For verda ser han ikkje og kjenner han ikkje. Men de kjenner han, for han bur hos dykk og skal vera i dykk. Eg vil ikkje la dykk vera att som foreldreause born. Eg kjem til dykk. Om ei lita stund ser ikkje verda meg lenger. Men de ser meg, for eg lever, og de skal leva. Den dagen skal de skjønna at eg er i Far min, og at de er i meg og eg i dykk.

*Den som har boda mine, og som held dei, den er det som elskar meg. Og den som elskar meg, skal Far min elska. Ja, den som elskar meg, skal eg òg elska og openberra meg for.»*

Ein av dei mest populære låtane til The Beatles heiter «All you need is love» – alt du treng er kjærleik. Evangelieteksten denne sundagen vil fortelja oss nettopp noko om det, om kjærleik frå Gud og menneske. «Og dette er bodet mitt: De skal elska kvarandre som eg har elska dykk», seier Jesus (Johannes 15,12).

Det er ikkje alltid så gode forhold mellom kristne som det burde vera, dessverre. Det kan vera strie viljar og harde sinn. Eg hugsar ein mann som ofte sa det slik: «Eg forstår ikkje heilt venene på bedehuset. Dei har så godt evangelisk syn, men så harde sinn...»

Nei, det er så visst ikkje alltid lett å forstå. For det var jo ikkje slik det skulle vera mellom dei truande. «Har de kjærleik til kvarandre, då skal alle forstå at de er mine disiplar», seier Jesus (Johannes 13,35).



De skal elska kvarandre, så som eg har elska dykk, seier han vidare. Så som. På same måte som Jesus. Kva pregar Jesu kjærleik til oss og som vi skal ha som førebilete i vårt forhold til kvarandre som Guds barn? Fire stikkord: Hans kjærleik var tilgivande, tenande, givande og ofrande. Slik vil han at vår kjærleik også skal vera til kvarandre, slik at verda kan forstå at vi er Jesu disiplar!

Det er fortalt om apostelen Johannes, han som skreiv teksten i dag, at han på sine gamle dagar lét seg bera til kyrkjelyden og at han alltid hadde éin ting å seia: «Mine barn, elsk kvarandre!» Eg trur ikkje noka formaning eller noko bod kan vera viktigare enn dette, både i kyrkja som i samfunnet elles: Elsk kvarande! Ver gode mot kvarandre! Bry dykk om kvarandre i kjærleik!

Guds kjærleik mot oss er vilkårslaus, men han er så visst ikkje kraftlaus. Han gir kraft til å elska andre. Evangelieteksten denne sundagen seier oss ganske mykje om det.  
(KPK)

## Øygarden Indremisjon er snart historie

**Laurdag 14. april vart det vedteke at Øygarden Indremisjon skulle leggjast ned.**

**Dette skjedde under årsmøtehelga på Vik bedehus. Tidlegare, 28. februar, hadde det vore eit ekstraordinært møte om saka. Dette møtet danna grunnlag for vedtaket i det ordinære årsmøtet.**

I forkant av årsmøtet hadde det kome opp at det var visse innvendingar mot å oppløysa Øygarden Indremisjon før det blei avklart framtidig eigarskap av Skjergardsheimen.

Skjergardsheimen har til no hatt to eigarar: Sokneråda i Øygarden og Øygarden Indremisjon.

Ein samla seg om følgjande vedtak:

*”Avviklinga av Øygarden Indremisjon skal likevel ikkje gjennomførast før vedtektene om framtidig eigarskap for Skjergardsheimen er vedtekne.”*

Arbeidet med framtidig eigarskap må verta leia av ein eigen komité. Frå Øygarden Indremisjon vart følgjande valt: Oskar Vik, Ingvar Svellingen og Ingolf Solsvik. Sokneråda oppnemner sine eigne representantar.

Årsmøtet vil markera at indremisjonsarbeidet på ingen måte skal leggjast ned. Det er berre leddet ”Øygarden Indremisjon” som vert avvikla. Kwart bedehus må no syte for å få forkynnarar sjølve frå Nordhordland Indremisjon.



# 17. mai i Øygården 2007



17.mai  
eldre-  
senteret

17.mai-  
tog på veg  
til Hjelme  
kyrkje



Skyttekonkurranse  
på Bakken



## Kransnedlegging 8. mai

Bileta er frå kransnedlegginga ved Blomvåg kyrkje og Hjelme gamle kyrkje over dei som fall i teneste for folk og fedreland under siste krig. Til stades nokre seniorar frå Øygården. Kransnedlegginga på begge stadane var i regi av Sotra og Øygården forsvarsforening og Øygården kommune.

Eiliv Lønningen





# Konfirmantar 2007

Blomvåg 28 april

Blomvåg 29 april



Blomvåg 5. mai

Blomvåg 5. mai



Hjelme 6. mai



# "Herdla-dagen" 2. september 2007



Den 2 september vil det bli arrangert ein "Herdla-dag". Dagen vil vere ein del av Askøy sitt tilbod i samband med Kystsogeveke 2007.

Det er fyrste gongen det vert skipa til ein slik dag, men tanken er å innarbeida dette som ei årvis hending. Bak tilskipinga står Herdla sokneråd og Museum Vest avd. Herdla som også ynskjer å involvera privatpersonar, lag og næringsdrivande på Herdla og nordre Askøy. Det er også etablert eit samarbeid med Vestkystfestivalen (via Kystmuseet i Øygarden) slik at Herdla-dagen inngår i programmet for festivalen.

Utgangspunktet for dagen er den rolla Herdla har hatt som kyrkjestad og kommunesenter for eit område som i dag er delt mellom dei tre kommunane Øygarden, Meland og Askøy. Herdla var staden der øyfolk møttest i samband med gudsteneste, gravferd og andre kyrkjelege handlingar, men også for å gå på skule, driva politikk

og ha det moro saman. Kontakten er blitt mindre etter at den nye kommunestrukturen kom på plass og etter at trafikkmønsteret endra seg bort frå sjøen som ferdselsåre, men venskap og slektsband kryssar framleis fjordane og mange har gode minner frå den tida dei sokna til Herdla. Målet med Herdla-dagen er å styrka desse banda og samstundes få vist mest mogeleg av det Herdla har å by på i dag.

Programmet den 2. september vil starta med gudsteneste i Herdla kyrkje kl. 12.00. Etter gudstenesta vert det høve til å kjøpe mat. Kyrkja vil vere open utover dagen. Det vert ellers ulike aktiviteter i Herdlevågen og ved museet som musikkinnslag, salg av husflidsprodukter og forskj. Museet er sjølvstøtta og her vil det også vere eit tilbod om innføring i slektsgransking.

For å skapa dei rette rammene for dagen, vil me setja opp dampbåtrute frå Bergen, via Meland og Øygarden til Herdla. Til føremålet har me engasjert D/S Oster. Båten skal liggja på Herdla medan programmet pågår og gå ruta når det er slutt.

## Reiserute for D/S Oster søndag 2. september:

|            |           |            |           |
|------------|-----------|------------|-----------|
| Frå Bergen | kl. 08.00 | Frå Herdla | kl. 16.00 |
| Ådlandsvik | kl. 09.30 | Ådlandsvik | kl. 16.30 |
| Vikebø     | kl. 10.00 | Vikebø     | kl. 17.00 |
| Ovågen     | kl. 11.00 | Ovågen     | kl. 18.00 |
| Herdla     | kl. 11.40 | Bergen     | kl. 19.30 |

*NB! Herdla kyrkje er open kvar søndag i sommar, frå 24. juni-2. september kl. 15.00-kl. 18.00.*

*Alle er velkommen innom til ei stille stund - Tenna eit lys - Sjå på den fine kyrkja.*

## Er du en som kan lytte?

**Kirkens SOS trenger flere medarbeidere!**

**Kirkens SOS starter kurs i samtaleferdigheter og**

**krisehåndtering for nye frivillige medarbeidere til**

**krisetelefonen. Kurset går på mandagskvelder med kursstart 8. oktober 2007. Medarbeiderne har vakt ca. hver 12. dag, og får støtte og veiledning så lenge de er med i tjenesten.**

**Hvert døgn tar nesten 600 mennesker kontakt med Kirkens SOS.**

**Oppgaven for våre frivillige medarbeidere er å lytte til innringer, og tåle å møte et annet menneskes smerte og sorg. Vi svarer også på SOS-meldinger via internett.**

**Medarbeidere skal ikke finne løsninger eller "gode råd". For å bli med må du være over 20 år.**

**Velkommen til en viktig og meningsfull tjeneste og et godt fellesskap!**

**Ring oss på tlf. 55 32 58 45 på dagtid eller 480 35 841 kveld og helg.**

**Du finner mer informasjon på [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)**





## GUDSTENESTER

- 10.juni **Blomvåg kyrkje kl 11:00** Fam.messe  
v/ Svenn Martinsen. Dåp. Nattverd
- 17.juni **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Høgmesse  
v/ Otto Høvik. Nattverd.
- 24.juni **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Høgmesse  
v/ Svenn Martinsen. Velkomst for fam. Amenya  
Dåp. Nattverd
- 01.juli **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Høgmesse  
v/ Svenn Martinsen. Nattverd
- 08.juli **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Høgmesse  
v/ Otto Høvik. Nattverd.
- 15.juli **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Høgmesse  
v/ Svenn Martinsen. Nattverd.
- 05.aug **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Høgmesse  
v/ Otto Høvik. Nattverd.
- 12.aug **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Høgmesse  
v/ vikar. Nattverd.
- 19.aug **Hjelme gamle kyrkje 11:00** Høgmesse  
v/ Svenn Martinsen.  
Jubileum for 50. års konfirmantar. Nattverd
- 26.aug **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Høgmesse  
v/ Svenn Martinsen,  
Jubileum for 50 års konfirmantar. Nattverd
- 02.sept **Hjelme kyrkje kl. 16:00** Familiegudsteneste  
v/ Nils Arne Lavik Søndagsskulens dag.

## KYRKJELEGE HANDLINGAR

### Døpte

#### Blomvåg:

Christine Berentsen Fortun, Veslevarden  
Ingrid Øyre Vik, Vik  
Ingrid Johanne Holmen, Vik  
Trygve Haugetun, Blomvåg

#### Hjelme:

Josefine Knappen Svellingen, Hellesøy

### Vigde

#### Blomvåg:

Inger Lise Hellesund og Roger Sæle, Oen  
Caroline Klever og Stig-Øystein Træet, Oen

### Døde:

#### Blomvåg:

Solveig Edith Herdlevær, Laksevåg f 1916  
Ingeborg Andrea Sæle, S.Sæle f 1923  
Pauline Nilsen, Rong f 1916  
Tristan Andreas Nordeng-Johansen, Bergen f 2006  
Jostein Olav Dale, Oen f 1950  
Erlend Vik, Vik f 1994

Anna Karine Helene Bromann, S.Sæle f 1922

#### Hjelme:

Karl Fjeldstad, Tjeldstø f 1919  
Bjarne Magnus Fjeldstad, Tjeldstø f 1932  
Engvarda Lovise Johannessen, Tednebakkane f 1914  
Nils Harkestad, Odda f 1943

## TIL LUKKE

### 70 år:

- 13.juni Hans Andreas Sæle, Søre Sæle  
15.juli Bjarne Sigurd Blom, Knarvik  
25.juli Oddbjørg Aud Dale, Dale  
27.juli Eiliv Lønninga, Knappevegen 31  
08.aug Oskar Dåvøy, Harkestad  
12.aug Jon Johannes Johannessen Rong, Rong

### 75 år:

- 07.juni Godfred Moldøen, Søre Sæle  
06.juli Reidar Norvald Skråmestø, Torsvik  
09.juli Asbjørg Oliva Blom, Blom  
11.juli Malvin Augunn Sulen, Oen  
22.juli Reidun Knarvik, Knarvik  
23.juli Liv Dale, Nautnes  
28.aug Olav Toft, Vik

### 80 år:

- 19.juni| Kristi Marie Toftevåg, Toft  
26.juni Margot Mary Jakobsen, Rong  
29.juni Grethe Anny Rong, Rong  
30.juni Anny Andora Sæle, Søre Sæle  
02.aug Olav Viksund, Nautnes  
22.aug Dagny Alise Harkestad, Tjødnarvegen

### 85 år:

- 13.juni Magnus Alf Sæle, Nordre Sæle  
02.juli Fredrik Martin Karlsen Oen, Oen  
27.aug Aslaug Anny Monssen, Torsvik

### 90 år:

- 08.juni Mathilde Andersdatter Vik, Ternholmbakkane  
08.juli Lilly Sæle, Blomvågnes  
20.juli Kornelius Sæle, Nordre Sæle  
03.aug Marie Amanda Sture, Sture  
14.aug Ingvald Martin Rong, Rong

### 100 år:

- 10.aug Brynjulf Torsvik, Tednebakkane

## TAKK

Takk til næringslivet i Øygarden for gåvene vi fekk til bingoen for Mental Helse – Øygarden kommune.

---

Takk til naboar og vener for gåver eg fekk til 85 års dagen min  
*Helsing Maria M Sæle*

----

Hjertelig takk for all oppmerksomhet på min 80 års dag den 27. mars –07  
*Hilsen Krestine K Dale*

---

Tusen takk for gåver, blomar og telefonar på 80 års dagen min.  
*Helsing Oddlaug Harkestad*

Korleis har du det...  
**EIGENTLEG?**

Krisetelefon 815 33 300  
SOS-Melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED  
NÅR LIVET ER SOM VERST

## Hørselkontroll

Hørselkontroll er eit tilbod til eldre og uføre som ynskjer hørselmåling og/ eller utprøving av høyreapparat, eller som vil ha kontroll av det høyreapparatet som dei alt har. Ta kontakt med Øygarden kommune, Eleri Mai Oen Fossem, 56 38 23 50 mån - fre 0900-1400 for nærare informasjon.



# Konfirmasjonsdag 6. mai i Hjelve



Eit flott konfirmantkull har fullført si konfirmasjonstid og me var vitne til 5 fine konfirmasjonsgudstenester, fire i Blomvåg og ei i Hjelve. Alle 63 konfirmantane kom i sin finaste stas, spente på dagen og det som skulle skje. Preludiet starta og konfirmantane gjekk i høgtidleg prosesjon til salmen, Hellig, hellig, hellig.

Så kom høgdepunktet i gudstenesta; sjølv konfirmasjonane, der dei blei bedt for og fekk korssmykket rundt halsen. Eit kors, som vitnar om kva Jesus har gjort for oss.

Songen, *du vet vel om at du er verdifull*, vart framført, og blei ei oppsummering på det som har vore vektlagt, både i samtale- og konfirmasjonsgudstenestene; *Du treng Jesus og du er verdifull!*